



## **Byggjearealstatistikk 2000**

## **Building Statistics 2000**

## Noregs offisielle statistikk

I denne serien blir hovudsakleg primærstatistikk, statistikk frå statistiske rekneskapssystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar publiserte. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsformål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og nødvendig informasjon om datamaterialet, innsamlings- og bearbeidingsmetodar samt omgrep og definisjonar. I tillegg blir det gitt ei kort oversikt over hovudresultata.

Serien omfattar òg publikasjonane Statistisk årbok, Historisk statistikk, Regionalstatistikk og Veiviser i norsk statistikk.

## Official Statistics of Norway

This series consists mainly of primary statistics, statistics from statistical accounting systems and results of special censuses and surveys for reference and documentation purposes. Presentation is basically in the form of tables, figures and necessary information about data, collection and processing methods, and concepts and definitions. In addition, a short overview of the main results is given.

The series also includes the publications Statistical Yearbook of Norway, Historical Statistics, Regional Statistics and Guide to Norwegian Statistics.

© Statistisk sentralbyrå, desember 2001  
Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg å gi opp Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-5001-3  
ISSN 0809-0041

### Emnegruppe

10.09 Bygge- og anleggsvirksomhet

Design: Enzo Finger Design  
Trykk: Kopisenteret, SSB/520

Standardteikn i tabellar	Symbols in tables	Symbol
Tal er umogleg	Category not applicable	.
Oppgåve manglar	Data not available	..
Oppgåve manglar førebels	Data not yet available	...
Tal kan ikkje offentliggjeras	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Førebels tal	Provisional or preliminary figure	*
Brot i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brot i den vassrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Desimalskiljeteikn	Decimal punctuation mark	,(.)

# Forord

Den årlege byggearealstatistikken gjev opplysningar om igangsetjing og fullføring av bygg, og om bygg under arbeid ved utgangen av året. Talet på bustader, bruksareal til bustader og bruksareal til andre bygg vert fordelte etter bygningstype og brukaren si næring. Det vert dessutan gjeve informasjon om materialbruk og konstruksjonar, storleiken på leilegheiter, talet på bad og vassklosett, og om oppvarmingskjelder.

Publikasjonen inneheld dei mest brukte tabellane på landsbasis og på fylkesnivå. Ein tabell med hovudtal for igangsette og fullførte bygg på kommunenivå finst på websidene til Statistisk sentralbyrå på Internett. Det er dessutan mogleg å tinga meir detaljerte tabellar på fylkes- og kommunenivå frå Statistisk sentralbyrå.

Grunnlaget for statistikken er meldingar til Grunneigedoms-, Adresse- og Bygningsregisteret (GAB).

Nokre hovudtal er publiserte på Internett (<http://www.ssb.no/byggeareal>).

Arbeidet med publikasjonen har vore leia av konsulent John Bjørke. Ansvarleg seksjonsleiar er Roger Jensen, Seksjon for bygg- og tenestestatistikk.

Statistisk sentralbyrå  
Oslo/Kongsvinger, 15. oktober 2001

Svein Longva

Nils Håvard Lund

# Preface

The annual building statistics provide information on buildings completed and started and buildings under construction as per end of year. Number of dwellings, utility floor space in dwellings and other than in dwellings are divided by type of buildings and user's industry. In addition, information about use of materials and constructions, size of dwelling units, number of fixed baths, flush toilets and source of heating is given.

The publication contains figures mostly used on a national basis and in the counties. Main figures for building work started and buildings completed in the municipalities can be found on Internet at Statistics Norway's web pages. It is also possible to have more detailed figures from counties and municipalities by applying to Statistics Norway.

The statistical basis is reports to the Ground Property, Address and Building Register (GAB).

Some principal figures have been published on the Internet (<http://www.ssb.no/byggeareal>).

The publication has been prepared under the supervision of Mr. John Bjørke. Responsible Head of Division is Roger Jensen, Division for Construction and Service Statistics.

Statistics Norway  
Oslo/Kongsvinger, 15 October 2001

Svein Longva

---

Nils Håvard Lund

# Innhald

<b>Tabellregister .....</b>	<b>7</b>
<b>1. Hovudresultat og bruk av tabellane .....</b>	<b>9</b>
1.1. Hovudresultat .....	9
1.2. Bruk av tabellane .....	9
<b>2. Bakgrunn og formål .....</b>	<b>9</b>
2.1. Formål og historie .....	9
2.2. Brukarar og bruksområde .....	9
<b>3. Om produksjon av statistikken .....</b>	<b>9</b>
3.1. Omfang .....	9
3.2. Datakjelder .....	9
3.3. Utval .....	9
3.4. Datainnsamling .....	9
3.5. Oppgåvebyrde .....	9
3.6. Kontroll og revisjon .....	9
3.7. Analyse .....	9
<b>4. Omgrep, kjennemerke og grupperingar .....</b>	<b>10</b>
4.1. Definisjon av dei viktigaste omgrepa .....	10
4.2. Definisjon av dei viktigaste kjennemerka .....	10
4.3. Standard grupperingar .....	11
<b>5. Feilkjelder og uvisse .....</b>	<b>15</b>
5.1. Innsamlings- og handsamingsfeil .....	15
5.2. Utvalsvarians .....	15
5.3. Ikkje-utvalsfeil .....	15
<b>6. Samanlikningar og samanheng .....</b>	<b>17</b>
6.1. Samanlikningar over tid og stad .....	17
6.2. Samanheng med annan statistikk .....	17
<b>7. Kvar ein finn statistikken .....</b>	<b>17</b>
7.1. Internett-adresse .....	17
7.2. Språk .....	17
7.3. Publikasjonar .....	17
7.4. Lagring og bruk av grunnmaterialet .....	17
7.5. Annan dokumentasjon .....	17
<b>Tekst på engelsk .....</b>	<b>18</b>
<b>Tabellar .....</b>	<b>27</b>
<b>Vedlegg</b>	
A. Skjema for melding om bygg sette i gang .....	53
<b>Tidlegare utgjeve på emneområdet .....</b>	<b>54</b>
<b>Dei siste utgjevne publikasjonane i serien Noregs offisielle statistikk .....</b>	<b>55</b>

# Contents

<b>List of tables .....</b>	<b>8</b>
<b>1. Main results and use of tables .....</b>	<b>18</b>
1.1. Main results .....	18
1.2. Use of tables .....	18
<b>2. Background and purpose .....</b>	<b>18</b>
2.1. Purpose and history .....	18
2.2. Users and applications .....	18
<b>3. Statistics production.....</b>	<b>18</b>
3.1. Coverage .....	18
3.2. Data sources .....	18
3.3. Sampling.....	18
3.4. Collection of data.....	18
3.5. Response burden.....	18
3.6. Control and revision .....	18
3.7. Analysis.....	19
<b>4. Concepts, variables and classifications .....</b>	<b>19</b>
4.1. Definition of the main concepts .....	19
4.2. Definition of the main variables.....	19
4.3. Standard classifications.....	20
<b>5. Sources of error and uncertainty .....</b>	<b>24</b>
5.1. Collection and processing errors.....	24
5.2. Sampling variance .....	24
5.3. Non-sampling errors.....	24
<b>6. Comparability and coherence.....</b>	<b>26</b>
6.1. Spatial comparability and comparability over time .....	26
6.2. Coherence .....	26
<b>7. Availability .....</b>	<b>26</b>
7.1. The Internet address.....	26
7.2. Language .....	26
7.3. Publications.....	26
7.4. Storing and use of basic material.....	26
7.5. Other documentation.....	26
<b>Tables.....</b>	<b>27</b>
<b>Appendix</b>	
A. Questionnaire for building work started .....	53
<b>Previously issued on the subject.....</b>	<b>54</b>
<b>Recent publications in the series Official Statistics of Norway.....</b>	<b>55</b>

# Tabellregister

## Oversikt 1980-2000

1. Bygg sette i gang. Bustader og bruksareal til bustad. Bruksareal til anna enn bustad, etter brukaren si næring. 1980-2000 .....	27
2. Bygg sette i gang. Bruksareal, etter bygningstype. 1980-2000. 1 000 m <sup>2</sup> .....	28
3. Bygg sette i gang. Leiligheiter, etter bygningstype. 1980-2000 .....	28
4. Bygg under arbeid ved utgangen av året. Bustader og bruksareal til bustad. Bruksareal til anna enn bustad, etter brukaren si næring. 1980-2000 .....	29
5. Fullførte bygg. Bustader og bruksareal til bustad. Bruksareal til anna enn bustad, etter brukaren si næring. 1980-2000 .....	30
6. Fullførte bygg. Bruksareal, etter bygningstype. 1980-2000. 1 000 m <sup>2</sup> .....	31
7. Fullførte bygg. Leiligheiter, etter bygningstype. 1980-2000 .....	31
8. Fullførte bustader. Leiligheter, etter talet på rom. 1980-2000 .....	32

## Bygg sette i gang

9. Bygg sette i gang. Bustader og bruksareal, etter bygningstype .....	32
10. Bygg sette i gang. Bustader og bruksareal til bustad, etter bygningstype og fylke .....	33
11. Bygg sette i gang. Bruksareal, etter bygningstype og fylke. 1 000 m <sup>2</sup> .....	34
12. Bygg sette i gang. Bruksareal til anna enn bustad, etter brukaren si næring og fylke. 1 000 m <sup>2</sup> .....	35
13. Bygg sette i gang. Bruksareal til bustad, etter bygningstype og etasje. 1 000 m <sup>2</sup> .....	36
14. Bygg sette i gang. Bruksareal til anna enn bustad, etter bygningstype og etasje. 1 000 m <sup>2</sup> .....	36
15. Bygg sette i gang. Leiligheiter, etter talet på rom og bygningstype .....	37
16. Bygg sette i gang. Leiligheiter, etter talet på rom og fylke .....	37
17. Bygg sette i gang. Gjennomsnittleg bruksareal pr. leiligheit, i ulike bygningstypar og fylke. m <sup>2</sup> .....	38
18. Bygg sette i gang. Bustader, etter bygningstype og fundamentering/materialar i berekonstruksjonar/materialar i yttervegger .....	39
19. Bygg sette i gang. Bruksareal til anna enn bustader, etter bygningstype og fundamentering/materialar i berekonstruksjonar/materialar i yttervegger. 1 000 m <sup>2</sup> .....	40

## Bygg under arbeid ved utgangen av året

20. Bygg under arbeid ved utgangen av året. Bustader og bruksareal, etter bygningstype .....	41
21. Bygg under arbeid ved utgangen av året. Bustader og bruksareal til bustad, etter bygningstype og fylke .....	42
22. Bygg under arbeid ved utgangen av året. Bruksareal, etter bygningstype og fylke. 1 000 m <sup>2</sup> .....	43

## Fullførte bygg

23. Fullførte bygg. Bustader og bruksareal, etter bygningstype .....	44
24. Fullførte bygg. Bustader og bruksareal til bustad, etter bygningstype og fylke .....	45
25. Fullførte bygg. Bruksareal, etter bygningstype og fylke. 1 000 m <sup>2</sup> .....	46
26. Fullførte bygg. Bruksareal til anna enn bustad, etter brukaren si næring og fylke. 1 000 m <sup>2</sup> .....	47
27. Fullførte bygg. Leiligheiter, etter talet på rom og bygningstype .....	48
28. Fullførte bygg. Leiligheter, etter talet på rom og fylke .....	48
29. Fullførte bygg. Gjennomsnittleg bruksareal pr. leiligheit, i ulike bygningstypar og fylke. m <sup>2</sup> .....	49
30. Fullførte bygg. Leiligheiter, etter oppvarmingskjelde og bygningstype. Talet på bad og vassklosett .....	50
31. Fullførte bygg. Bruksareal, etter oppvarmingskjelde og bygningstype. 1 000 m <sup>2</sup> .....	51
32. Fullførte bygg. Leiligheiter, etter oppvarmingskjelde og fylke. Talet på bad og vassklosett .....	52

# List of tables

---

## Survey 1980-2000

1. Building work started. Dwellings and utility floor space in dwellings. Utility floor space other than in dwellings, by user's industry. 1980-2000 .....	27
2. Building work started. Utility floor space, by type of building. 1980-2000. 1 000 m <sup>2</sup> .....	28
3. Building work started. Dwelling units, by type of building. 1980-2000 .....	28
4. Buildings under construction at the end of the year. Dwellings and utility floor space in dwellings. Utility floor space other than in dwellings, by user's industry. 1980-2000 .....	29
5. Buildings completed. Dwellings and utility floor space in dwellings. Utility floor space other than in dwellings, by user's industry. 1980-2000 .....	30
6. Buildings completed. Utility floor space, by type of building. 1980-2000. 1 000 m <sup>2</sup> .....	31
7. Buildings completed. Dwelling units, by type of building. 1980-2000 .....	31
8. Buildings completed. Dwelling units, by number of rooms. 1980-2000 .....	32

---

## Building work started

9. Building work started. Dwellings and utility floor space, by type of building. ....	32
10. Building work started. Dwellings and utility floor space in dwellings, by type of building and county .....	33
11. Building work started. Utility floor space, by type of building and county. 1 000 m <sup>2</sup> .....	34
12. Building work started. Utility floor space other than in dwellings, by user's industry and county. 1 000 m <sup>2</sup> .....	35
13. Building work started. Utility floor space in dwellings, by type of building and storey. 1 000 m <sup>2</sup> .....	36
14. Building work started. Utility floor space other than in dwellings, by type of building and storey. 1 000 m <sup>2</sup> .....	36
15. Building work started. Dwelling units, by number of rooms and type of building .....	37
16. Building work started. Dwelling units, by number of rooms and county .....	37
17. Buildings work started. Average utility floor space per dwelling unit, in different types of building and county. m <sup>2</sup> .....	38
18. Building work started. Dwellings, by type of building and foundation/materials in supporting structure/ materials in outside walls .....	39
19. Building work started. Utility floor space other than in dwellings, by type of building and foundation/ materials in supporting structure/materials in outside walls. 1000 m <sup>2</sup> .....	40

---

## Buildings under construction at the end of the year

20. Buildings under construction at the end of the year. Dwellings and utility floor space, by type of building .....	41
21. Buildings under construction at the end of the year. Dwellings and utility floor space in dwellings, by type of building and county .....	42
22. Buildings under construction at the end of the year. Utility floor space, by type of building and county. 1 000 m <sup>2</sup> .....	43

---

## Buildings completed

23. Buildings completed. Dwellings and utility floor space, by type of building .....	44
24. Buildings completed. Dwellings and utility floor space in dwellings, by type of building and county .....	45
25. Buildings completed. Utility floor space, by type of building and county. 1 000 m <sup>2</sup> .....	46
26. Buildings completed. Utility floor space other than in dwellings, by user's industry and county. 1 000 m <sup>2</sup> .....	47
27. Buildings completed. Dwelling units, by number of rooms and type of building .....	48
28. Buildings completed. Dwelling units, by number of rooms and county .....	48
29. Buildings completed. Average utility floor space per dwelling units, in different types of building and county. m <sup>2</sup> .....	49
30. Buildings completed. Dwelling units, by source of heating and type of building. Number of fixed baths and flush toilets .....	50
31. Buildings completed. Utility floor space, by source of heating and type of building. 1 000 m <sup>2</sup> .....	51
32. Buildings completed. Dwelling units, by source of heating and county. Number of fixed baths and flush toilets .....	52

---



# 1. Hovudresultat og bruk av tabellane

## 1.1. Hovudresultat

I 2000 vart det sett i gang totalt 23 550 bustader. Det er 3 058 fleire bustader enn i 1999. Totalt vart det igangsett 3 315 000 m<sup>2</sup> bruksareal til bustader i 2000, ein auke på 13,6 prosent samanlikna med 1999.

Samla igansett bruksareal til andre bygg enn bustader var i 2000 3 941 000 m<sup>2</sup>. Dette er nesten det same som i 1999.

## 1.2. Bruk av tabellane

*Bygg under arbeid.* For bygg under arbeid er det brot i statistikken frå 1991 pga. nye utarbeidingsrutinar. Bygg som er melde igangsette for meir enn fem år sidan, og enno ikkje melde fullførte, blir ikkje tekne med i statistikken som bygg under arbeid. Denne endringa gjer at gjennomsnittstalet for alle bygga blir om lag 9 prosent lågare frå 1991.

# 2. Bakgrunn og formål

## 2.1. Formål og historie

Statistikken skal måle utviklinga i byggjeverksemda for alle typar bygg. Statistisk sentralbyrå har publisert statistikken sidan 1967.

## 2.2. Brukarar og bruksområde

Brukarar av byggjearealstatistikken er blant anna byggje- og anleggsbransjen, Finansdepartementet, Noregs Bank, Statistisk sentralbyrås Seksjon for nasjonalrekneskap, kommunar, ulike organisasjonar/institutt i inn- og utland og FN.

# 3. Om produksjon av statistikken

## 3.1. Omfang

Byggjearealstatistikken omfattar med få unntak alle nybygg, tilbygg og påbygg med minst 30 m<sup>2</sup> nybygd bruksareal. I tillegg er alle bygg under 30 m<sup>2</sup> som inneheld ei sjølvstendig bustadeining (leilegheit eller hybel), tekne med. Omfanget av statistikken er auka frå 1982 då arealgrensa var 60 m<sup>2</sup> bustadflate (leigeareal) for bustader og 60 m<sup>2</sup> nybygd golvflate for andre bygg.

Byggjeverksemd innanfor ein eksisterande bygning, t.d. byfornyng, er ikkje med i statistikken. Opne silobygg, dvs. silobygg som ikkje er oppdelte i etasjar, er heller ikkje med i statistikken.

Frå 1993 er bygg for jordbruk, skogbruk og fiske tekne med i statistikken igjen. I perioden 1971-1992 vart bygg for jordbruk, skogbruk og fiske haldne utanfor statistikken. Dette kjem av at det vart påvist svikt i registreringa av slike bygg etter at meldeplikta for denne byggjeverksemda fall bort i januar 1970. I ein ny registreringsinstruks, som vart sett i verk 1. mars 1991, er kommunane igjen pålagde å melda bygg for jordbruk, skogbruk og fiske til GAB-registeret.

## 3.2. Datakjelder

GAB er eit elektronisk register som inneheld opplysningar om grunneigedomar og adresser i Noreg. Det inneheld også opplysningar om alle bygningar som var under arbeid 31. desember 1982 og alle bygningar som er bygde eller endra etter 1. januar 1983. Oppgåvene til GAB blir henta inn med heimel i delingslova og forskriftene til denne lova.

Eigar av registeret er Miljøverndepartementet. Det faglege ansvaret for registeret er ivareteke av Statens kartverk. Fylkeskartkontora administrerer systemet ute i distrikta, og saman med dei enkelte kommunane har dei ansvaret for det praktiske arbeidet med å overføra data til registeret.

"Business Development Consulting AS" (BDC) står for den EDB-tekniske drifta medan kommunane gjev dei nødvendige meldingane til B-registeret baserte på oppgåver frå byggherren og ved inspeksjon på byggjeplassen.

Tal for 2000 er baserte på B-registeret slik tilstanden var 12. januar 2001. Rettingar i GAB gjorde etter denne dato, har derfor ikkje hatt nokon innverknad på tala i publikasjonen.

## 3.3. Utval

Totalteljing.

## 3.4. Datainnsamling

Elektroniske data frå GAB-registeret.

## 3.5. Oppgavebyrde

Registerbasert undersøking, inga skjemaussending.

## 3.6. Kontroll og revisjon

Kvar bygning vert kontrollert, og eventuelt revidert, ved eit sett med faste maskinelle og manuelle kontroll- og revisjonsrutinar. Variablane som vert kontrollerte er dato, bygningstype, næring, bruksareal, talet på bustader, leilegheiter, bad og vassklosett. Revisjonsrutinane sikrar at opplagte feil i registeret blir retta opp. Rutinane sikrar også at det blir samsvar mellom dei ulike variablane for ein og same bygning.

## 3.7. Analyse

Nivåtal utrekna ved summering. Månadlege seriar for talet på bustader igangsett og igangsett bruksareal til bustader blir sesongjusterte, mens det for bruksareal til

andre bygg blir rekna ut trendtal. Ved sesongjusteringa blir det nytta X12ARIMA med laupande korrigeringsfaktor og multiplikativ modell. Virkedags- og påskeeffektar blir prekorrigerte om dei er signifikante. Ekstremverdiar blir prekorrigerte om dei er signifikante.

## 4. Omgrep, kjennemerke og grupperingar

### 4.1. Definisjon av dei viktigaste omgrepa

*Bygg sett i gang.* Fram til og med 1999 vart eit bygg rekna som igangsett når arbeidet med pålar, forskaling av grunnmur, støyping av sole eller grunnmur er starta. Frå år 2000 vart det for bygg som er behandla etter søknad i samsvar med PBL §93, som hovudregel nytta dato for gitt *igangsettingstillating* som dato for *igangsetting*. For andre bygg gjeld som hovudregel at bygggearbeidet blir rekna som igangsett når arbeidet med pålar, forskaling av grunnmur, støyping av sole eller grunnmur er starta.

*Fullført bygg.* Eit bygg blir rekna som fullført når anten bygggearbeidet, medrekna installasjons- og innreiingsarbeid o.a., er avslutta eller minst 50 prosent av bygget er teke i bruk.

*Bygg under arbeid.* Frå eit bygg er meldt igangsett til det blir meldt fullført blir det rekna som i arbeid, sjølv om bygggearbeidet blir stansa mellombels. Dersom eit bygg er i arbeid i etter måten lang tid, blir det undersøkt om bygggearbeidet er stansa og om det er meininga å fullføre bygget. For igangsette bygg som ikkje vil bli fullførte, blir registreringa annullert og bygget teke ut av statistikken. Dette kan medføre at tal for "under arbeid ved utgangen av statistikkåret" ikkje bli like "under arbeid ved utgangen av førre år" pluss "igangsette minus fullførte" i statistikkåret.

### 4.2. Definisjon av dei viktigaste kjennemerka

*Bruksareal.* Bruksareal er arealet innanfor omsluttande vegger. For utrekning av bruksareal tek ein mål frå innsida av veggen eller annan avgrensande bygningsdel. Det totale bruksarealet til ein bygning vil derfor vere summen av arealet innanfor ytterveggene for alle etasjane. I eit bustadbygg vil t.d. kjellararealet inngå i bruksarealet til bustad i bygningen. Bruksarealet blir målt etter reglar gjevne i Norsk Standard nr. 3940 Areal og volumutrekning av bygningar.

*Leilegheit.* Ei leilegheit er i statistikken ei eining med minst eitt rom og kjøken. Hybelleilegheit er no definert

som leilegheit. Berre bustader som skal brukast til heilårsbustad, vert rekna som leilegheit.

*Hybel* er eit rom med eigen inngang rekna som bustad for ein eller fleire personar, og som har tilgjenge til vatn og toalett utan at det er nødvendig å gå gjennom ei anna leilegheit. I statistikken er hybel ikkje rekna som leilegheit.

*Bustad* er lik summen av leilegheit og hybel.

*Rom.* Eit rom må tilfredsstillende krava i bygningslova til rom å bu i og vere 6 m<sup>2</sup> eller større. Kjøken, bad, gang o.l. vert ikkje rekna som rom.

*Etasje.* Det blir registrert talet på bustader og areal i kjellar, underetasje, alminneleg etasje og loft. Skiljet mellom kjellar/underetasje og underetasje/alminneleg etasje er fastsett i byggjeforskriftene og i prinsippet bestemt av kor høgt himlingen er over planert terreng. Ein alminneleg etasje skal ha høgde på 2,10 meter eller meir over ei breidd på minimum 1,20 meter. Eit tilgjengeleg volum over øvste alminnelege etasje blir kalla loft. Det blir kravd fri høgde på 1,90 meter i minimum 0,60 meters breidd.

*Fundamentering* er den delen av bygget som overfører verkande krefter direkte til grunnen. Dette kan vere t.d. vegger, søyler eller pålar. I statistikken blir følgjande fundamenteringstypar registrerte:

- Grunnmur
- Bankett/sole
- Pålar
- Anna

*Materialar i berekonstruksjonar.* Vertikale berekonstruksjonar er berande delar i vegger o.l., t.d. reisverket. Horisontale berekonstruksjonar er berande delar i tak, golv o.l., t.d. bjelkelaget. I statistikken blir dei materialane som utgjier meir enn ein fjerdedel av konstruksjonen registrerte. I eitt bygg kan det derfor registrerast inntil tre ulike materialslag.

Det blir registrert følgjande materialar:

- Tre
- Lettbetong
- Betong
- Metall
- Tegl (berre i vertikale delar)
- Anna

*Materialar i yttervegger.* Det blir registrert dei same materialane som i vertikale berekonstruksjonar.

### 4.3. Standard grupperingar

*Bygningstype* er fastlagd etter kva for funksjon bygget skal ha. Kombinerte bygg - t.d. kombinerte bustad- og forretningsbygg, lager- og produksjonsbygg o.a. - er grupperte etter den funksjonen som har størst del av bruksarealet i bygget.

#### Gamle bygningstypar

Følgjande *bygningstypar* vart nytta til og med 1999:

##### Bustader

- 01 Rein einebustad
- 02 Einebustad med hybelleilegheit, sokkelleilegheit e.l.
- 03 Tomannsbustad, vertikaldelt
- 04 Tomannsbustad, horisontaldelt
- 05 Rekkjehus (går ut, erstatta av 20-21)
- 06 Kjedehus, atriumhus (går ut, erstatta av 22-23)
- 07 Andre småhus
- 08 Blokk på 3 og 4 etasjar
- 09 Høgblokk på 5 etasjar og over
- 10 Terrassehus
- 11 Våningshus på gardsbruk, einebustad
- 12 Våningshus på gardsbruk, tomannsbustad, vertikalt delt
- 13 Våningshus på gardsbruk, tomannsbustad, horisontalt delt
- 18 Annan hustype
- 19 Tilbygg og påbygg
- 20 Rekkjehus med 3 og 4 leilegheiter
- 21 Rekkjehus med 5 leilegheiter eller fleire
- 22 Einebustader i kjede med inntil 4 leilegheiter
- 23 Einebustader i kjede med 5 leilegheiter eller fleire
- 24 Bygning i to etasjar med 5 eller fleire leilegheiter

Bustadbygg omfattar berre heilårsbustader.

#### Produksjonsbygg for bergverksdrift og industri

- 31 Etasjebygg for fabrikk eller verkstad
- 32 Etasjebygg for fabrikk eller verkstad kombinert med kontor
- 33 Produksjonshall
- 34 Produksjonshall kombinert med kontorfløy
- 35 Silobygg
- 38 Trafokiosk
- 39 Andre produksjonsbygg

#### Kontor- og forretningsbygg o.a.

- 37 Telefonkiosk
- 41 Kontor- og administrasjonsbygg (også offentlege)
- 42 Varehus og andre butikkbbygg
- 43 Ekspedisjonsbygg og terminal
- 44 Lagerbygg og garasjebygg
- 45 Garasjebygg og uthus for bustad
- 46 Bensinstasjon
- 47 Naust bygd i tilknytning til bustad
- 49 Anna bygg for kontor, forretning eller samferdsel

#### Hotell- og restaurantbygg

- 51 Hotell
- 52 Anna herberge
- 53 Restaurant/kafé
- 54 Gatekjøken/kiosk
- 55 Utleiehytte/campinghytte

#### Undervisnings- og forskingsbygg

- 61 Bygg for undervisning og forskning, inkl. museum og bibliotek

#### Bygg for helsestell og sosial omsorg

- 62 Sjukehus, aldersheim, heim for psykisk utviklingshemma o.l.
- 63 Barneheim, barnehage, feriekoloni o.l.

#### Forsamlingshus

- 64 Kyrkje, krematorium, gravkapell
- 65 Kyrkjelydshus, samfunnshus
- 66 Teater- og kinobygg
- 67 Idrettsbygg

#### Bygg for jordbruk, skogbruk og fiske

- 71 Hus for storfe
- 72 Hus for gris
- 73 Hus for høns
- 74 Hus for kylling
- 75 Hus for kalkun
- 76 Hus for sau
- 77 Hus for geit
- 78 Hus for pelsdyr
- 79 Førlager
- 80 Lagerrom (potet, grønnsak)
- 81 Reiskapshus og garasje
- 82 Korntørkeanlegg
- 83 Veksthus
- 84 Fyrhus, pakkerom
- 85 Skogs- og utmarkskoie
- 86 Driftsbygg for fiske og fangst
- 89 Andre landbruksbygg

#### Andre bygg

- 68 Fengselsbygg
- 69 Andre bygg for offentleg og privat tenesteyting (tilfluktsrom)
- 91 Fritidsbygg (hytte, sommarhus o.l.)
- 92 Bustadbrakke, koie, rorbu o.l. (seterhus, sel)
- 93 Uthus og naust i tilknytning til fritidsbustad
- 94 Våningshus som vert nytta som fritidsbustad
- 95 Heilårsbustad utanom våningshus som vert nytta som fritidsbustad
- 99 Andre bygg

#### Nye bygningstypar

Frå 2000 vart det innført nye 3-sifra bygningstypar:

**Bustadbygning****Einebustad**

- 111 Einebustad
- 112 Einebustad med hybelleilegheit, sokkelleilegheit o.l.
- 113 Våningshus

**Tomannsbustad**

- 121 Del av tomannsbustad, vertikaldelt
- 122 Tomannsbustad, horisontaldelt
- 123 Del av våningshus, tomannsbustad, vertikaldelt
- 124 Våningshus, tomannsbustad, horisontaldelt

**Rekkjehus, kjedehus og andre småhus**

- 131 Del av rekkjehus med 3 eller 4 bustader
- 132 Del av rekkjehus med 5 bustader eller fleire
- 133 Del av kjedehus inkl. atriumhus med inntil 4 bustader
- 134 Del av kjedehus inkl. atriumhus med 5 bustader eller fleire
- 135 Terrassehus
- 136 Andre småhus med 3-4 bustader

**Bustadblokk**

- 141 Store frittliggjande bustadbygg på 2 etasjar
- 142 Store frittliggjande bustadbygg på 3 og 4 etasjar
- 143 Store frittliggjande bustadbygg på 5 etasjar eller over
- 144 Stort samanbygd bustadbygg på 2 etasjar
- 145 Stort samanbygd bustadbygg på 3 og 4 etasjar
- 146 Stort samanbygd bustadbygg på 5 etasjar og over

**Bygning for bufellesskap**

- 151 Bu- og servicesenter
- 152 Studentheim/studentbustader
- 159 Annan bygning for bufellesskap

**Andre bygningar enn bustader****Fritidsbygning, bustadgarasje o.a.****Fritidsbygning**

- 161 Fritidsbygning (hytter, sommarhus o.l.)
- 162 Heilårsbustad utanom våningshus som blir nytta som fritidsbustad
- 163 Våningshus som blir nytta som fritidsbustad

**Koie, seterhus o.l.**

- 171 Seterhus, sel, rorbu o.l.
- 172 Skogs- og utmarkskoie, gamle

**Bustadgarasje og uthus**

- 181 Garasje, uthus, anneks knytte til bustad
- 182 Garasje, uthus, anneks knytte til fritidsbustad
- 183 Naust, båthus, sjøbu

**Annan bustadbygning**

- 193 Bustadbrakker
- 199 Annan bustadbygning (f.eks. sekundærbustad reindrift)

**Næringsbygning****Industri- og lagerbygning****Industribygning**

- 211 Fabrikkbygning
- 212 Verkstadbygning
- 213 Produksjonshall
- 214 Bygning for reinseanlegg
- 215 Bygning for avfallshandtering
- 216 Bygning for vassforsyning, bl.a. pumpestasjon
- 219 Annan industribygning

**Energiforsyningsbygning**

- 221 Kraftstasjon (> 15 000 kVA)
- 222 Mindre kraftstasjon
- 223 Transformatorstasjon (> 10 000 kVA)
- 224 Mindre transformatorstasjon, transformatoriosk
- 229 Annan energiforsyningsbygning

**Lagerbygning**

- 231 Lagerhall
- 232 Kjøle- og fryselager
- 233 Silobygning
- 239 Annan lagerbygning

- 290 Annan industri- og lagerbygning

**Fiskeri- og landbruksbygning**

- 241 Hus for dyr, fôrlager, strølager, frukt- og grønnsakslager, landbrukssilo, høy-/korntørke
- 242 Landbruksgarasje/reiskapshus
- 243 Veksthus
- 244 Driftsbygning for fiske og fangst, inkl. oppdrettsanlegg
- 245 Naust/reiskapshus for fiske
- 248 Annan fiskeri- og fangstbygning
- 249 Annan landbruksbygning

**Kontor- og forretningsbygning****Kontorbygning**

- 311 Kontor- og administrasjonsbygning, rådhus
- 312 Bankbygning, posthus
- 313 Mediebygning
- 319 Annan kontorbygning

**Forretningsbygning**

- 321 Kjøpesenter, varehus
- 322 Butikkbygning
- 323 Bensinstasjon
- 329 Annan forretningsbygning

330 Messe- og kongressbygning

390 Annan kontor- og forretningsbygning

### **Samferdsels- og kommunikasjonsbygning**

#### **Ekspedisjons- og terminalbygning**

411 Ekspedisjonsbygning, flyterminal, kontrolltårn

412 Jernbane- og T-banestasjon

413 Rutebilstasjon, bussterminal

414 Ferjeterminal

415 Godsterminal

416 Postterminal

419 Annan ekspedisjons- og terminalbygning

#### **Telekommunikasjonsbygning**

421 Telebygning, telefonkiosk

422 Radiolinkstasjon

423 TV- og FM-stasjon (hovudsendarstasjon), omformarstasjon

424 AM-stasjon (kortbølggestasjon)

429 Annan telekommunikasjonsbygning

#### **Garasje- og hangarbygning**

431 Parkeringshus

432 Bussgarasje, trikkehall, lokomotivhall

433 Flyhangar

439 Annan garasje- hangarbygning

#### **Veg- og biltilsynsbygning**

441 Biltilsynsbygning

442 Driftssentral for vegvesenet

443 Vakt-/bombygning, tollstasjon, bilvekt o.l.

449 Annan veg- og biltilsynsbygning

490 Annan samferdsels- og kommunikasjonsbygning

### **Hotell- og restaurantbygning**

#### **Hotellbygning**

511 Hotellbygning

512 Motellbygning

519 Annan hotellbygning

#### **Bygning for overnatting**

521 Hospits, pensjonat

522 Vandrarheim, ferieheim/-koloni, turisthytte

523 Appartement

524 Campinghytte/utleiehytte

529 Annan bygning for overnatting

#### **Restaurantbygning**

531 Restaurantbygning, kafébygning

532 Sentralkjøken, kantinebygning

533 Gatekjøken, kioskbygning

539 Annan restaurantbygning

590 Annan hotell- og restaurantbygning

### **Undervisnings-, kultur- og forskingsbygning**

#### **Skolebygning**

611 Lekepark

612 Barnehage

613 Barneskole

614 Ungdomsskole

615 Kombinert barne- og ungdomsskole

616 Vidaregåande skole

619 Annan skolebygning

#### **Universitets- og høgscolebygning**

621 Universitets- og høgscolebygning med integrerte funksjonar, auditorium, lesesal o.a.

622 Spesialbygning

629 Annan universitets- og høgscolebygning

630 Laboratoriebygning

#### **Museums- og bibliotekbygning**

641 Museum, kunstgalleri

642 Bibliotek, mediatek

643 Zoologisk og botanisk hage

649 Annan museums- og bibliotekbygning

#### **Idrettsbygning**

651 Idrettshall

652 Ishall

653 Symjehall

654 Tribune og idrettsgarderobe

655 Helsestudio

659 Annan idrettsbygning

#### **Kulturhus**

661 Kinobygning, teaterbygning, opera/konserthus

662 Samfunnshus, grendehus

663 Diskotek

669 Anna kulturhus

#### **Bygning for religiøse aktivitetar**

671 Kyrkje, kapell

672 Bedehus, kyrkjelydshus

673 Krematorium, gravkapell, bårehus

674 Synagoge, moské

675 Kloster

679 Annan bygning for religiøse aktivitetar

690 Annan kultur- og forskingsbygning

#### **Helsebygning**

##### **Sjukehus**

711 Lokalsjukehus

712 Sentralsjukehus

713 Regionsjukehus, universitetssjukehus

714 Spesialsjukehus

719 Anna sjukehus

**Sjukeheim**

- 721 Sjukeheim
- 722 Bu- og behandlingssenter, aldersheim
- 723 Rehabiliteringsinstitusjon, kurbad
- 729 Annan sjukeheim

**Primærhelsebygning**

- 731 Klinik, legekontor/-senter/-vakt
- 732 Helse- og sosialsenter, helsestasjon
- 739 Annan primærhelsebygning

790 Annan helsebygning

**Fengsels-, beredskapsbygning o.a.****Fengselsbygning**

- 811 Landsfengsel
- 812 Hjelpéfengsel, krinsfengsel
- 813 Arbeidsskoloni
- 819 Annan fengselsbygning

**Beredskapsbygning**

- 821 Politistasjon
- 822 Brannstasjon, ambulansestasjon
- 823 Fyrstasjon, losstasjon
- 824 Stasjon for radarovervaking av fly- og/eller skipstrafikk
- 825 Tilfluktsrom/bunker
- 829 Annan beredskapsbygning

830 Monument

840 Offentleg toalett

890 Annan fengselsbygning, beredskapsbygning o.a.

*Næring.* I tillegg til bygningstype blir det også registrert kva næring brukaren av bygget tilhøyrer.

Næringsgrupperinga er knytt til brukaren og er derfor uavhengig av bygningstype. Sidan det ikkje alltid er kjend kven som skal bruka bygget på det tidspunktet skjemaet til statistikken blir fylt ut, er næringsgrupperinga meir usikker enn gruppering etter bygningstype. Næringsgrupperinga bygde tidlegare på FN sin internasjonale grupperingsstandard ISIC.

Frå 1996 følgjer inndelinga EU si næringsgruppering NACE. Bruksareal fordelt etter næring kan derfor ikkje samanliknast direkte med tidlegare år.

Det blir nytta følgjande næringsgrupper:

- A Jordbruk og skogbruk
- B Fiske
- C Bergverksdrift og utvinning
- D Industri
- E Kraft- og vassforsyning
- F Bygginge- og anleggsverksemd
- G Varehandel, reparasjon av kjøretøy og hushaldningsapparat

- H Hotell- og restaurantverksemd
- I Transport og kommunikasjon
- J Finansiell tenesteyting og forsikring
- K Eigedomsdrift, forretningsmessig tenesteyting og utleigeverksemd
- L Offentleg forvaltning
- M Undervisning
- N Helse- og sosialtenester
- O Andre sosiale og personlege tenester
- P Løna husarbeid
- Q Internasjonale organ og organisasjonar

I tillegg til NACE blir følgjande næringsgrupper brukte:

- X Bustader
- Y Fritidseigedomar (hytter), garasjar for private og anna som ikkje er næring

## 5. Feilkjelder og uvisse

### 5.1. Innsamlings- og handsamlingsfeil

Kommunane kan gjere feil ved innregistrering av data til GAB-registeret. Dei kommunane som ikkje legger byggesaker "online" i GAB-registeret fyller ut eit skjema som blir sendt til fylkeskartkontoret. Skjemaet kan i visse tilfelle vere feil utfylt. Det er dessutan nokre kommunar som av ulike årsaker ikkje alltid følgjer alle gjeldande reglar for registrering til GAB-registeret.

### 5.2. Utvalsvarians

Byggearealstatistikken er ei fullteljing, og tala i statistikken har dermed ingen utvalsvarians.

### 5.3. Ikkje-utvalsfeil

Kommunane er ansvarleg for å registrere inn byggesakene i GAB-registeret. Det er eit visst etterslep i kommunane sine registreringar av byggesaker.

Med få unntak har den gjennomsnittlege årlege forseinkinga av registreringar for godkjende, igangsette og fullførte bygningar auka kvart år frå 1993 til 1999 (sjå tabellane 1 og 2). Denne forseinkinga fører til at ikkje alle bygningar som er registrerte som godkjende, igangsette eller fullførte i statistikkåret også faktisk er det i dette året. Di større forseinkinga av registreringa er, di mindre kjem denne delen til å bli. Tabellane 3 og 4 viser kor stor del av bygningane som kvart år var registrerte som godkjende, igangsette eller fullførte i tidbolken 1993-2000, og som faktisk også vart det i desse åra. Tabellane viser at denne delen jamt over har vorte mindre for kvart år sidan 1993. I 1999 er delen såleis nede i 64,7 prosent for igangsette bustader, og ligg på 62,1 prosent for igangsette yrkesbygg. For godkjende og fullførte bygningar er delen noko høgare. I 2000 har registreringa av bustader blitt noko betre.

**Tabell 1. Gjennomsnittleg årleg forseinking av registreringar. Bustader. 1993-2000. Månader**

	Godkjende bustader	Igangsette bustader	Fullførte bustader
1993.....	0,5	1,3	1,2
1994.....	1,8	1,4	1,0
1995.....	2,1	1,8	1,2
1996.....	2,2	2,3	1,6
1997.....	2,4	2,5	1,9
1998.....	4,1	3,6	1,9
1999.....	3,8	5,0	2,7
2000.....	3,0	4,0	2,4

Di større forseinkinga av registreringa er, di større sjansar er det for at det blir store avvik mellom den registrerte og den faktiske byggjeaktiviteten. Tabellane 5, 6 og 7 viser at avvika mellom totaltala for den faktiske og registrerte byggjeaktiviteten i perioden frå 1993 til 1997 aldri låg over 6,1 prosent, bortsett frå det igangsette bruksarealet til andre bygg i 1994.

**Tabell 2. Gjennomsnittleg årleg forseinking av registreringar. Yrkesbygg. 1993-2000. Månader**

	Godkjende bustader	Igangsette bustader	Fullførte bustader
1993.....	0,2	2,2	1,4
1994.....	2,2	2,3	1,6
1995.....	3,0	2,8	1,4
1996.....	2,4	2,5	1,3
1997.....	2,7	2,8	1,8
1998.....	4,2	3,9	2,1
1999.....	3,7	5,3	3,3
2000.....	3,5	5,3	2,4

**Tabell 3. Delar av registrerte bustader som faktisk høyrer til statistikkåret. 1993-2000. Prosent**

	Godkjende bustader	Igangsette bustader	Fullførte bustader
1993.....	97,2	97,2	90,7
1994.....	86,6	86,6	91,4
1995.....	86,3	86,3	91,0
1996.....	85,3	85,3	84,1
1997.....	83,7	83,7	84,3
1998.....	71,0	71,0	84,3
1999.....	72,4	64,7	73,2
2000.....	72,6	71,8	75,7

**Tabell 4. Delar av registrerte yrkesbygg som faktisk høyrer til statistikkåret. 1993-2000. Prosent**

	Godkjende bustader	Igangsette bustader	Fullførte bustader
1993.....	96,8	80,8	78,5
1994.....	83,6	81,6	76,4
1995.....	78,3	75,6	82,7
1996.....	82,1	79,3	81,2
1997.....	81,2	78,6	77,1
1998.....	70,3	73,1	78,1
1999.....	72,1	62,1	67,0
2000.....	69,8	64,3	67,5

### Tolking av registreringsforseinkingane og følgjene av dei

Det at registreringane har vorte forseinka, gjev to hovudproblem når vi skal tolke dei registrerte tala:

- Den registrerte byggjeaktiviteten fell ikkje nødvendigvis saman med den faktiske stoda.
- Den registrerte endringa i byggjeaktiviteten frå eit år til eit anna fell ikkje nødvendigvis saman med den faktiske endringa i byggjeaktiviteten.

**Tabell 5. Talet på igangsette bustader. Registrert som igangsett i statistikkåret, faktisk igangsett per desember i statistikkåret og faktisk igangsette per desember 2000**

Statistikkår	Registrert som igangsett i statistikkåret 1 000 m <sup>2</sup>	Faktisk igangsett per desember i statistikkåret 1 000 m <sup>2</sup>	Faktisk igangsett per desember 2000 1 000 m <sup>2</sup>	Avvik 1 i prosent	Avvik 2 i prosent
1993.....	16 194	14 311	16 425	-12,9	-1,4
1994.....	21 240	18 779	21 670	-13,3	-2,0
1995.....	20 011	17 591	20 897	-15,8	-4,2
1996.....	18 743	15 493	19 218	-19,4	-2,5
1997.....	21 259	17 249	22 582	-23,6	-5,9
1998.....	19 646	14 499	19 340	-25,0	1,6
1999.....	20 492	14 110	17 708	-20,3	15,7
2000.....	23 550	17 489	17 489	0,0	34,7

Avvik 1: Avvik i prosent mellom faktisk igangsetjing per desember i statistikkåret og faktisk igangsetjing per desember 2000.

Avvik 2: Avvik i prosent mellom registrert igangsetjing og faktisk igangsetjing per desember 2000.

**Tabell 6. Igangsett bruksareal til bustader. Registrert som igangsett i statistikkåret, faktisk igangsett per desember i statistikkåret og faktisk igangsett per desember 2000**

Statistikkår	Registrert som igangsett i statistikkåret 1 000 m <sup>2</sup>	Faktisk igangsett per desember i statistikkåret 1 000 m <sup>2</sup>	Faktisk igangsett per desember 2000 1 000 m <sup>2</sup>	Avvik 1 i prosent	Avvik 2 i prosent
1993.....	2 151	1 891	2 177	-13,1	-1,2
1994.....	2 987	2 639	3 059	-13,7	-2,4
1995.....	2 874	2 521	2 998	-15,9	-4,1
1996.....	2 907	2 432	2 970	-18,1	-2,1
1997.....	3 232	2 669	3 443	-22,5	-6,1
1998.....	3 014	2 231	2 909	-23,3	3,6
1999.....	2 919	2 022	2 525	-19,9	15,6
2000.....	3 315	2 478	2 478	0,0	33,8

Avvik 1: Avvik i prosent mellom faktisk igangsetjing per desember i statistikkåret og faktisk igangsetjing per desember 2000.

Avvik 2: Avvik i prosent mellom registrert igangsetjing og faktisk igangsetjing per desember 2000.

